

Kåre Hauge fekk Forsvarsmedaljen alt i 1987.

27.01.2020



Maskinmeister Kåre Hauge frå Skorpo vart tildelt Forsvarsmedaljen for lang og tru teneste i 1987.

Innlegget om tildeling av Forsvarsmedaljen til Tor Erik Eide for 25 års teneste i Forsvaret fekk stor merksemd i lokalaviser og på sosiale medier. Uskedalen.no bad om informasjon frå lesarane om kven frå Uskedalen som er tildelt medaljen. Maskinmeister Kåre Hauge (f.1935) frå Steinaneset på Skorpo vart tildelt Forsvarsmedaljen 12.12.1987. Etter 32 års teneste vart medaljen utvida med bandstripe på jakkeslaget.

Etter ein periode som maskinist på MS SUNNHORDLAND fekk Hauge jobb på maskinstasjonen på marinebasen Haakonsvern. Han vart maskinmeister og fekk ansvaret for tilsyn og sevice på alle typar krigsfarty. Mellom 50 og 60 mann var tilknytt maskinstasjonen. Han hadde same jobben heile tida fram til han gjekk av med pensjon i 1996. Forsvarsmedaljen vart overrekk på vegne av Forsvarssjefen av general Vagleik Eide, sjef for Vestlandets Sjøforsvarsavsnitt.

Reserveoffiser Lars Børge Sæberg i NROF fortel til Uskedalen.no at Forsvarsmedaljen vart innstifta i 1982 og at kravet den gongen var at den skulle tildelast dei som hadde vore i Forsvaret si teneste frå det året. Det er endra. No er kravet minst 25 års teneste og ordninga gjeld både for befal og sivilt tilsette. Det er alltid nokre unntak frå regelverket.



Forsvarsmedaljen kan tildelast alle med minst 25 års teneste i Forsvaret. Tildelinga vert utvida med stripe på jakkeslaget etter 35 og 40 års teneste.

Eit av unntaka er at Områdesjefar i HV med minst 10 år stillinga, kan få Forsvarsmedaljen. Det betyr at Tor Vidar Sæle frå Uskedalen vart tildelt Forsvarsmedaljen i 2017. Totalt har han 19 års teneste i Forsvaret.

Vi har også før skrive om Alf Bjarne Hansen frå Uskedalen med 39 års teneste i Marinen. Han er tildelt Forsvarsmedaljen med band/stripe.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Privat



Forsvarsmedaljen m/ band.